




**Klepp kommune**

# ÅRSPLAN TU SFO 2024-25



**Velkommen til skulefritidsordninga (SFO) på Tu skule**

Me vil ønskja velkommen til oss på Tu SFO, og ser fram til eit godt samarbeid med både barn og vaksne!

På SFO er me ca. 90 barn. SFO er delt i to basar; 1.og 2. har base ved hovudinngangen til skulen og 3. og 4. trinn har base i 2. etasje ved 3. trinn sitt areal og biblioteket.

### **Kjenneteikn på TU SFO:**

Me prioriterer leik og sjølvvalde aktivitetar høgt. **Når elevane er ferdig på skulen, skal dei oppleve at dei har fri og kan leika og ha det kjekt hos oss.**

**Når barnet ditt svarar : «i dag har eg bare leika» Da har barnet ditt: Opplevd samhold, vert ein del av eit fellesskap, opplevd vennskap, vist omsorg, tatt ansvar, brukt fantasien, byggja sjølvtilit, opplevd livsglede og humor, vore kreativ, kjend på meistringskjensle, opplevd empati, opplevd motgang, lytta til andre, øvd på å gi og ta og brukt fantasien.**

Det er difor viktig at barna har med seg klede som er tilpassa leik ute i allslags ver.

### **Opningstider**

SFO er open til kl. 16.30. Morgontilbodet er frå kl. 07.00 - 08.05 kvar dag. Dei som skal ete frukost må ha med eigen matpakke og koma innan kl.07.30.

Opningstida på ferie/fridagar vil vera kl. 07.00 – 16.30.

### **Planleggingsdagar skuleåret 2024-2025**

Mandag 5. august, onsdag 14. august, fredag 15. november, 22. april og 30. mai.

### **Foreldrebetaling**

Opphaldet i SFO skal betalast i 11 terminar med forfall den 15. kvar månad.

### **Søknad om plass i SFO**

Ein kan søke om plass i SFO heile skuleåret. Følg lenka til Visma Flyt Skule:

<https://skole.visma.com/klepp/Account/Login?returnUrl=%2Fklepp>

Klikk på «Logg inn med ID-porten». Bruk MinId til å melde ditt barn på SFO eller gjere endring i opphaldet.

## **Oppseiing av plassen i SFO**

NB! Oppseiing av plass må gjerast i Visma Flyt Skule. Oppseiinga gjeld frå den 1. i kvar månad. 1.mai er fristen for å gje melding om at ein ikkje skal ha SFO-plass neste skuleår. Ved oppseiing av plassen etter 1.mai må det betalast ut august månad. Når ein har søkt om plass, har ein denne til ein går ut av 4. trinn eller seier opp plassen.

## **Ferie og skulefrie dagar**

Dei som har tilbod tre dagar i veka. kan berre bruke 3 dagar i feriane, og det er dei same dagane som elles i året.

Me har ope i alle skuleferiar, men veke 28, 29, 30 og 31 har me stengt. Onsdag i påskeveka stenger SFO kl. 12.00.

På skulefrie dagar når SFO har ope, kan det henda at me tek ut på tur og då vil de ikkje finna oss på skulen. Difor er det viktig at alle barna har møtt fram seinast kl. 09.30. Andre tidspunkt for frammøte kan sjølvstakt avtalast med ansvarleg leiar. Det er stengt på julafta og nyttårsafta.

## **Ekstratøy/skift**

Ein lang dag med dårleg ver kan røyna hardt på barna sine klede. Det er difor fint om dei kan ha eit ekstra sett liggjande hos oss.

Ver grei og merk klede godt!

## **Måltid**

Barna får mat og drikke kvar dag på SFO. Me serverer frukt og grønsaker til måltida. Det er tilsett eigen kokk på Tu SFO som er ansvarleg for servering av variert, sunn og næringsrik mat.

## **Kontroll med frammøte**

Personalet fører kontroll med frammøte kvar dag. Dei sjekkar inn alle barna som kjem og skal vera på SFO. Difor er det viktig å gje melding i **Visma appen** viss barna har fri, er sjuke eller har ferie. Dette lettar arbeidet vårt og me slepp å vera bekymra for, eller leita etter barn som ikkje er sjekka inn.

## **Henting av barn**

Dersom barna vert henta av andre enn det som er avtalt, må personalet få melding om dette skriftleg i **Visma appen** eller pr. telefon frå foreldre/føresette innan kl. 10.00 same dag . **Me ønskjer at alle barn har faste heimsendingstider.** *Til dømes kl. 15.00, 15.30 o.l*

## RAMMEPLAN FOR SFO

1. august 2021 fekk SFO eigen rammeplan. Planen skal sikra eit likeverdig tilbod over heile landet. Rammeplanen er forskrift til Opplæringsloven og det er kommunen som har ansvar for at drift av SFO er i tråd med gjeldande lovverk.

SFO skal leggja til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn.

Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, satsingar og planar. For å sikre eit heilskapleg perspektiv på oppveksten og utviklinga til barna skal SFO og skule samarbeide tett.

Rammeplanen for skulefritidsordninga består av seks kapittel:

- 1: Om rammeplanen for skulefritidsordninga
- 2: Verdigrunnlaget til skulefritidsordninga
- 3: Innhaldet i skulefritidsordninga
- 4: Ei inkluderande skulefritidsordning
- 5: Samarbeid i skulefritidsordninga
- 6: Kvalitetsutvikling

### Vidare oppsett viser korleis Tu jobber med verdiar og innhald i SFO:

Tema i rammeplanen	Kva seier rammeplanen? (Utdrag, sjå udir.no for fullstendig innhald)	Korleis arbeider me på TU SFO med dette:
2.2 Eigenverdi	<i>Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal</i>	På Tu SFO står meningsfull fritid og leik i fokus. Det er algt til rette for ulike sonar for leik, kjøp ulikt utstyr og tilrettelagt for at barna sjølv kan velja kva aktivitetar dei ønskjer å delta på. Aktivitetar som tur, kan ikkje barna velja vekk utan fysiske grunnar. Det er oppretta ønskeboks, slik at alle barna kan medverka til kva aktivitetar dei ønskjer på SFO. God kommunikasjon

	<i>alltid vere eit grunnleggjande omsyn.</i>	med barna vil vera avgjerande for at dei føler seg sett og høyrte.
2.3 Tryggleik, omsorg og trivsel	<i>SFO skal vareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhøyrslø og anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast moglegheiter for å gi omsorg. SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna og bidra til at dei opplever glede og meistring. SFO skal støtte utviklinga av trygge og gode relasjonar barna imellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra til barna.</i>	Tu skule er ein PALS skule, dette arbeidet gjer me også på SFO Det vil sei at me arbeider med å førebyggje og redusere problemåtferd i SFO. Alle vaksne som arbeider i SFO er involvert i å byggje eit trygt og godt SFO-miljø. Hovedfokus er <b>Ansvar, Respekt</b> og <b>Omsorg</b> . Me vaksne er på utkikk etter dei gode døma, me gir ros, oppmuntring og belønning. Ved å vera tett på barna og ha same barnegrupper over tid, lærar dei tilsette barna å kjenne og barna føler seg trygge på den vaksne. Mykje av relasjonsarbeidet er gjennom fysisk forstring. Barna opplever meistring, samhald, tilhørigheit og vennskap. Gjennom ei veke på SFO legg me til rette for mykje utetid og aktivitetar i gymsal. Slik vil me tilretteleggja for at barn får utfalde seg fysisk. Dette vil også påverka den psykiske helsa til barnet. Dei vaksne gjennomfører relasjonskartlegging fleire gong i året for å sikra gode relasjonar til barna.
2.4 Mangfod og inkludering	<i>Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald skal leggast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne dei ulike føresetnadene, perspektiva og erfaringane til barna kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn. SFO</i>	Gjennom samtalar med barna legg me til rette for ulikheit og mangfald. Barn med utfordringar blir anerkjent for den dei er og det dei treng. Andre barn på gruppa blir veileda om dei har spørsmål dei lurar på. Alle barn er ulike på kvar sin måte og vi lærer alle barn at vi skal respektere og anerkjenne alle. I februar vil

	<i>skal leggje til rette for at samiske barn kan ta vare på og utvikle språket sitt og kulturen sin.</i>	vi feire samefolkets dag. I tillegg vil me også feira rockesokkdagen.
2.5 Skaperglede,engasjement og utforskertrang	<i>Ved å ta utgangspunkt i skaparglede, engasjementet og utforskartrongen til barna skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO. SFO skal anerkjenne at å leike er ein typisk veremåte blant barn, og at leiken har ein eigenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for leik.</i>	På Tu SFO har me tilbod om varierte aktivitetar gjennom veka. Elevane vel sjølv kva dei vil delta på. Det vert lagt til rette for mykje leik gjennom tilpassa aktivitetar. Det er i tillegg fokus på formingsaktivitetar. Me har også tilgang på digitalt utstyr som kan nyttast. Tu SFO nyttar ikkje iPad i leik. Dei vaksne sin oppgåve er å initiera, delta og støtta barna i leiken.
2.6 Demokrati og fellesskap	<i>SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og høyrte.</i>	Dei vaksne jobbar kontinuerlig med samtalar saman med barna. Mykje er samtalar i «her og no» situasjonar. Alle barn skal føle at dei vaksne høyrer på kva dei vil seie, samtidig må barna læra seg at det ikkje er alltid dei får det slik dei ønskjer. PALS-veke, gedingsveke, rockesokkdagen, samenes nasjonaldag og liknande set også fokus på likeverd og inkludering. Barna deltek elles i avstemmingar, vel aktivitetar, kjem med ønskjer til ønskjeboksen.ol.
2.7 Bærekraftig utvikling	<i>Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdier, haldningar og handlingar som fremjar ei bærekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på</i>	Me legg alltid vekt på at me skal rydde opp etter oss når me er ute og på tur. Inne kildesorterer me matavfall, restavfall og papir. Ein gong i året på våren, går vi tur og ryddar opp i veikanten og på skulen sitt uteområde. Det er fokus på at det skal vera lite matsvinn.

	<i>seg sjølv, kvarandre og naturen.</i>	
3.2 Leik	<i>Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal leggje til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal leggje til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring.</i>	Leik er det viktigaste satsingsområdet på Tu SFO. Det er prioritert ved kjøp av leiker, eigenproduserte leiker og tilpassing av areal for å få gode leikestunder for barna. Kvar dag er tilrettelagt for variert leik. Barna vel sjølv kva dei vil leike med, slik at dei får ei lystbetont fritid. Den vaksne si rolle er å leggja til rette for leik, hjelpe einskilde barn inn i leiken og veilede undervegs om det er naudsynt.
3.3 Kultur	<i>Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal leggje til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksemd. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skape sine egne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfaldet i barnegruppa blir representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur.</i>	Kunst og kultur er eit anna viktig satsingsområde for oss. Me legg også opp til formingsaktivitetar gjennom veka som barna kan velje å vera ein del av. Barna blir kjent med ulike materialar, får læra ulike teknikkar og ferdigheiter. I tillegg har me formingsoppgåver til dei ulike høgtidene. Me opnar verkstaden der me set frem ulike formingsutstyr slik at barna sjølv kan velja kva dei skal laga til jul, påske, vår og sommar.  Aula og musikkrom vert nytta til dans og drama. I feriar kan me reisa/gå på utflukter for kulturelle opplevingar.
3.4 Fysisk aktivitet og bevegelsesglede	<i>SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal leggje til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til</i>	På Tu SFO set me rørsle høgt og nyttar derfor mykje tid ute på skuleplassen der me legg til rette for ulike typar rørsle. Me nyttar Kåsenhallen og nærmiljøet. For å fremja aktivitetslyst legg me vekt på at barna får

	<i>aktivitetslyst. SFO bør leggje til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som oppstår i leik saman med andre barn</i>	vera med å bestemma aktivitetar, til dømes i Kåsenhallen.
3.5 Mat og måltidglede	<i>SFO skal leggje til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO. Måltidet kan vere matpakke eller mat servert av SFO. Når mat blir servert i SFO, bør SFO leggje vekt på eit helsefremjande kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan leggje vekt på berekraftige matvanar og forbruk. SFO bør følgje nasjonale føringar for måltid.</i>	Det er tilsett eigen kokk på Tu SFO. Ho er ansvarleg for innkjøp, laga mat og servera sunn og næringsrik mat. Det er ein variert meny gjennom veka. Det er fokus på matglede med varierte smakar. Fellesskapet rundt bordet står i fokus. Me vil leggja vekt på gode samtalar i måltidet. I tillegg vil me ha fokus på høflegheit og bordskikk kring måltidet. Dei vaksne skal delta i måltidet, vera gode rollemodellar og veileda barna. Barna kan hjelpa til i matlaging viss dei ønskjer.
4. Ei inkluderande skolefritidsordning	<i>SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhøyrslø og sosialt fellesskap med andre barn og med personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfald. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde aktivitetar.</i>	På Tu SFO har me stor takhøgde for at alle er ulike, og dette er noko me snakkar med barna. Me legg til rette for at alle skal kjenne seg anerkjent og respektert, både blant barn og personale. Leik og ulike aktivitetar på tvers av alder vil danne grunnlag for fellesskap og vennskap.
5.1 Overordna om samarbeidet	<i>Omsynet til barnas beste skal liggje til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar. SFO skal leggje til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om</i>	Tu SFO prøvar så langt det let seg gjera å møte foreldre og barn kvar morgon og ved henting. Då gir me beskjedar om noko har skjedd og foreldre kan gi beskjed om det er noko dei ønskjer å snakke om. Me har tett samarbeid med kontaktlærar



	<i>tilbodet, avklare gjensidige forventningar og leggje til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten.</i>	og helsesjukepleiar på skulen om det skulle vera noko. Me er også delaktige i forskjellige samarbeidsmøter. Visma nyttast som kommunikasjonskanal. Me legg opp til at føresette kan melda frå. Det er også eigen foreldrerepresentant i FAU.
5.2 Overgang frå barnehage til skole og SFO	<i>SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skule og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova og barnehagelova § 2a. Det er skuleeigar som har hovudansvaret for samarbeidet.</i>	SFO- leiar deltek på samarbeidsmøter med barnehagen det siste året før skulestart. Det vert arrangert VIP-kveld for å bli kjend med barna i juni. Miljøterapeut ved skulen har gjennomgang av viktig informasjon på planleggingsdagen før oppstart, slik at me har sikra naudsynt informasjon. Det er også samarbeid mellom lærarar og miljøpersonell.
6.1 overordna om kvalitetsutvikling	<i>Eigar skal leggje til rette for at SFO har moglegheiter til å planleggje og evaluere verksemda, drive kompetanseheving og reflektere over innhald og arbeidsmåtar.</i>	SFO har møte kvar tysdag for å leggja planar for veka. Me legg vekt på fagleg innhald og kommunikasjon rundt drifta vår.
6.2 Planarbeid	<i>SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg.</i>	Årsplan for SFO vert delt med føresette ved oppstart av skuleåret. Arbeidet vert evaluert jamleg på skule og kommunenivå.

## ÅRSHJUL 2024-25

**August/september:** Tilvenning. Bli kjent på SFO både ute og inne. Bli kjent med kvarandre, skapa gode relasjonar og tryggleik. PALS-reglane. Tur i nærmiljø.

**Oktober:** Vennskap. Tema - Haust. Tur i nærmiljø.

**November:** Tema- Haust. Tur i nærmiljø.

**Desember:** Tema – Jul. Skaparglede og utforskertrang.

**Januar:** Vinteraktiviteter/aking.

**Februar:** 6. Samefolkets dag. Fargefest.

**Mars:** 21/3- Verdensdagen for downsyndrom. Me lager rockesokker.

**April:** Påskeaktivitetar.

**Mai :** Fredag 9. mai Fotballtrøyefredag.(Barnekreftforeningen sin årlege fotballtrøyefredag).  
17. Mai pynt.

**Juni :** Sommaravslutning.

### **Foreldremøte/samtalar**

Til vanleg held me eit foreldremøte om hausten.

Føresette kan få foreldresamtalar ved behov.

Hugs å sjekke heimesida til SFO for informasjon.

Visma vert nytta til all kommunikasjon mellom føresette og SFO.

Me ser fram til eit rikt og spanande SFO-år.